

Haustetidsvurderingar veke 36

Måndag 2. september vart det tatt haustetidsprøver av Gravenstein, Eden og Raud Aroma.

Gravenstein er no klar for hausting på tidlege plassar. Seinare plassar kan vente til helga og utover neste veke.

Eden har og kome langt i utviklinga, og ein kan byrje på hausting av denne også no.

Det vart tatt ei prøve av Raud Aroma, denne viser at utviklinga allereie har kome eit stykke på veg. Ein kan måtte belage seg på starthasting av denne allereie utover neste veke på dei tidlegaste plassane.

NB! Det er meldt høge temperaturar og fint vêr framover, utviklinga vil gå raskare og haustetida kan difor verte framskunda.

Hugs at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K. O. Loen			O. R. Lyslo	G. A. Vereide
Stad	Loen			Innvik	Sandane
Prøve nr	1			2	3
Dato	19.08	26.08	02.08	02.08	02.08
Fruktvekt g	159,7	154,8	185,5	207,5	168,7
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2-C3	C2-C3	C2-C3
Fastleik	9,2	9,94	8,27	7,23	8,71
Sukker	9,25	11	11,6	12,9	11,9
Stive	1,9	2,9	4,8	4,77	3,5
Streif	0,52	0,29	0,15	0,12	0,2

Sjølv om grunnfargen er litt for grøn er stiveinnhaldet straks innafør og sukkerinnhaldet er høgt. Streif-indexen er no innanfor hos prøvane frå Loen og Innvik. Sandane har litt att på utviklinga, men det vil nok gå fort framover denne veka.

Gravenstein er no klar for hausting på tidlege plassar. Litt seinare stader kan vente til helga og utover neste veke. Det er meldt høge temperaturar og sol i slutten av veka, det vil auke tempoet på utviklinga mykje og ein kan måtte flytte starthastinga til tidlegare enn planlagt.

Eple på yngre tre modnar tidlegare enn eldre. Det er tatt nokre få prøver av eple frå yngre Gravensteintre. Nedbrytinga er kome noko lenger på desse, desse kan ein byrje å hauste no.





Eden

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C4

Dekkfarge: 20 %

Fastleik: 9-11 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min. 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streif-index: 0,10-0,17

Dyrkar	O. R. Lyslo		G. A. Vereide
Stad	Innvik		Sandane
Prøve nr	1		2
Dato	26.08.2024	02.08	02.08
Fruktvekt g	187,3	175,9	155,5
Grunnfarge	C1-C2	C1-C2	C2-C3
Fastleik	9,94	9,32	10,5
Sukker	10,98	11,75	12,5
Stive	3,6	7	5,5
Streif	0,25	0,15	0,2

Det har skjedd mykje på nedbrytinga av stive den siste veka. Grunnfargen er meir utvikla på Sandane, men stiveinnhaldet er høgare her. Eden er hausteklar på tidlege plassar utover veka mot helga, seinare plassar kan byrje over helga og utover neste veke.

Ein ser at frukta modnar ujamt og det er difor veldig viktig at ein haustar i fleire omgangar og berre haustar det som er klart.



Innvik



Sandane



Raud Aroma

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min. 11,2 %

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	K. O. Loen
Stad	Loen
Prøve nr	1
Dato	02.08.2024
Fruktvekt g	177,9
Grunnfarge	C1-C2
Fastleik	7,79
Sukker	11,73
Stive	2,95
Streif	0,2

Første prøva tatt av Raud Aroma viser at utviklinga har kome langt og vil kome tett Eden og Gravenstein. Frukta har god dekkfarge, grunnfargen har framleis litt att. Sukkerinnhaldet er høgt og det er litt att på stiveinnhaldet, men fleire av epla ligg allereie på 4 i tillegg til, som er innanfor hausteklar frukt. Fastleiken er og kome ganske lågt.

Starthasting for Raud Aroma på tidlege plassar vert truleg allereie utover neste veke. Med dei varme dagane som kjem denne veka vil utviklinga gå raskare, og ein kan måtte byrje starthastinga tidlegare enn ein har tenkt.

Det vert tatt nye prøver frå fleire stader komande måndag.



Eple 2, 4 og 8 har stiveinnhald på 4.



Helsing Synneve Øien Frøyen,
Rådgjevar frukt og bær NLR SA